

# VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGAR I FINNØY KOMMUNE, FINNØY SENTRALSKULE

## 1. LOV OG RETNINGSLINJER.

Kommunale skulefritidsordningar (sfo) i Finnøy skal drivast

- i samsvar med § 13-7 i Opplæringslova, med tilhøyrande forskrift,
- etter dei retningslinjer som er vedtekne av kommunestyret,
- i samsvar med dei krav som gjeld for tildeling av statstilskot, og
- etter gjeldande avtalar.

Private ordningar skal godkjennast av kommunen.

Sfo i Finnøy skal vidare ha vedtekter i samsvar med Opplæringslova. Dette gjeld både kommunale og private ordningar.

Vedtektene skal etter lova omhandla

- a) eigarforhold
- b) bemanning og leing
- c) dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- d) opptakskriterium
- e) opptaksinstans
- f) opptaksperiode og oppseiing
- g) foreldrebetaling
- h) leike- og opphaldsareal

Det nærare innhald av vedtektene skal fastsetjast av kommunestyret. Vedtektene skal m.a. gi foreldra naudsynt informasjon til å kunne vurdere innhald og kvalitet i sfo i forhold til pris.

## 2. FØREMÅL.

Sfo er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for born i 1.-4. klasse og for funksjonshemma born i 1.-7. klasse. Sfo skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos borna. Funksjonshemma skal gjevast gode utviklingsvilkår.

## 3. EIGARFORHOLD.

Sfo er eit kommunalt tilbod som vert drive i samsvar med lov, forskrift og gjeldande vedtekter.

Formannskapet er ansvarleg styringsorgan for sfo i kommunen, og ordninga er administrativt underlagt kommunalsjefen for oppvekst.

Samarbeidsutvalet (SU) er styre for sfo på den enkelte skule.

## 4. LEING OG ANSVAR.

Rektor har det pedagogiske og administrative ansvaret for sfo på sin skule.

Ved Finnøy sentralskule skal ein av dei tilsette i sfo ha ansvar som dagleg leiar, på dei vilkår som framgår av gjeldande avtalar. Dagleg leiar kan møta i SU med talerett i saker som gjeld sfo.

Ved dei andre skulane skal ein av dei tilsette i sfo vera koordinator, med avsett tid til samordning og planlegging.

Dersom foreldrerådet finn det ynskjeleg, kan arbeidsutvalet supplerast med ein av foreldra i sfo.

## 5. BEMANNING.

Det skal vera 1 vaksen pr. 15 born i sfo. I tillegg kjem personar til ev. spes.ped. styrkingstiltak.

I heildagstilbod med meir enn ein tilsett bør ein av personalet ha pedagogisk utdanning.

## **6. ORGANISERING.**

Sfo vert til vanleg lokalisert til skular / oppvekstsenter.

Det skal leggjast til rette for sfo både før og etter skuletid i den grad det er etterspurnad etter tilbodet.

Dersom skuleveka vert organisert over fire dagar, skal det vera tilbod om sfo heile den femte dagen.

## **7. OPPHALDS- OG OPNINGSTID.**

Sfo ved Finnøy Sentralskule fylgjer skuleåret (elevane si skulerute). Sjå eigne reglar ved godkjent avvik frå skuleruta, t.d.planleggingsdagar. I tillegg held ein ope frå 1.august og fram til skulestart, og frå skuleslutt og ut juni månad. Sfo vil vere open i skulen sin haustferie og vinterferie.

I heildagstilbodet er opningstida til vanleg frå kl. 07.15 til skulestart og frå skuleslutt til kl. 16.30.

Det kan og gjevast korttidstilbod, anten før skulestart eller etter skuleslutt, innan same tidsrom som ovanfor.

Elles bør tilbodet tilpassast lokale forhold, som t.d. etterspurnad og skyss.

## **8. OPPTAKSKRITERIUM.**

Dersom det er fleire søkjarar enn sfo har plass til, skal opptaket skje etter fylgjande prioritering:

- a. Elevar med funksjonshemmingar.
- b. Elevar frå heimar med kronisk sjukdom, der sfo kan vera ei avlasting for heimen.
- c. Elevar med einslege forsørgjarar.
- d. Yngre born går til vanleg føre eldre born, samstundes som ein bør leggja vekt på ei viss aldersspreiing.

Opptak etter a) og b) skal skje etter sakkunnig vurdering og tilråding.

## **9. OPPTAK.**

Søknad om opptak i sfo skjer på Finnøy kommune sin nettportal, søknadadsskjema om barnehage og sfo. Det er eit hovudopptak i året. Fristen blir gjort godt kjent, og pleier å vere 1.februar. Søknader om å endre opphaldstid skal også gå via nettportalen, samt å svare på tilbod.

Kommunalsjefen for oppvekst er opptaksinstans, og gjer vedtak etter gjeldande opptakskriterium og på grunnlag av tilråding frå rektor.

Hovudopptaket skjer i vårhalvåret og eleven har plass så lenge han går i 1.-4.klasse.

Opptak kan og skje midt i eit skuleår, og då for resten av tida eleven går i 1.-4.klasse. Elevar som har plass i sfo skal ikkje søkje på nytt for kvart skuleår.

Dersom det ligg til rette for det (m.o.t. plass, bemanning o.l.), kan sfo også ta imot born på enkeltdagar, utanom dei som har fast plass, eller kjøpe ekstra timar i tillegg til avtalt tilbod. Foreldra betalar då ein nærare fastsett timesats.

Barn som skal starte i 1.klasse får tilbod om opphaldstid i sfo frå 1.august. Det vil sei at siste året barnet går i barnehage har stoppdato og betalingsstopp 31.07.

## **10. KLAGE.**

Den kommunale klagenemnda er klageinstans. Klage på opptaket skal sendast via rektor til kommunalsjefen for oppvekst. Klagefrist er 3 veker frå motteken melding om opptaket.

## **11. OPPSEIING AV PLOSS.**

Ønsker ein elev å slutta i sfo, må plassen seiast opp i nettportalen med min.1 mnd. varsel. Det må betalast i oppseiingstida (ein må i tillegg betala for påbyrja månad).

Ein kan ikkje avslutta sfo-opphaldet etter 1. april og kan derfor ikkje seia opp plassen etter denne datoen, utan at det er sterke grunnar for det. Dersom det likevel skjer, må foreldrebetalinga halda fram ut juni mnd.

## **12. FORELDREBETALING.**

Foreldrebetalinga har tre satsar, ein for opphaldstid 0-6 t/v, ein for opphaldstid 7 – 14 t/v, og ein for opphaldstid 15 t/v eller meir.

Det vert gitt 20 % syskenmoderasjon f.o.m. andre barnet i sfo.

Kostpengar blir betalt ut frå avtalt opphaldstid.

Foreldrebetalinga skal skje forskotsvis kvar mnd. i 11 mnd., og det skal betalast for kvar påbyrja månad. Dei dagane det er sfo og ikkje skule, det utvida opningstilbodet, betaler ein dagsats på 150 kr. for kvar dag ein har meldt seg på. Det vil bli sendt ut bindande påmelding i god tid før august, haustferie, vinterferie og juni.

Kommunestyret vedtek betalingssatsane for eitt år om gongen. Til vanleg vil satsane bli justert av kommunestyret i budsjettvedtak og då med endring pr. 01.01. det påfølgjande året.

## **13. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL.**

Leike- og opphaldsareala til sfo skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast.

Sfo skal ha ei arealutnytting inne på min. 4 m<sup>2</sup> netto leike- og opphaldsareal pr. elev.

Utearealet bør vera min. 6 gonger leike- og opphaldsarealet inne.

## **14. SKYSS.**

Det er foreldra som har ansvaret for skyss til/frå sfo.

## **15. FORSIKRING AV ELEVANE.**

Skader som oppstår under opphald i sfo, vert omfatta av folketrygdlova som yrkesskade når skaden skjer på skulen sitt område.

Skader som ikkje vert omfatta av folketrygda, vert dekkja av kommunen sine egne forsikringar.

**Vedtektene er godkjent av kommunestyret i sak 6/99, med seinare endringar og presiseringar.**